



Notat

Til: Madeleine Fonnes Aase

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/

Vår referanse: 19/313 - 13 / Gbnr-85/2, FA-L41, FA-L42

Dato: 29.10.2019

Emne: Gbnr 85/2 Vetås - uttale kultur

Viser til førespurnad om uttale frå kultur til søknad om oppgradering av tilkomstveg, oppgradering av og nytt tilbygg på eksisterande bustad, riving av uthus, gjenreising av løebygg og oppføring av garasje på gbnr. 85/2 Nordre Vetås.

Våningshuset (lemstova) på eigedomen er i Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 plassert i vernekasse B. Dei andre bygga på eigedomen som vert råka av tiltaket er ein potekjellar i vernekasse C og eit uthus og murar etter ei løe som ikkje er plassert i vernekasse i kulturminneplanen.

I retningslinene for kulturminne i vernekasse B i kommuneplanen står det at «*Det skal som hovudregel ikkje gjevast løyve til å rive/fjerne kulturminne i vernekasse B. Kommunen kan likevel gje løyve til å rive/fjerne kulturminne i vernekasse B på vilkår om at kulturminnet vert dokumentert. På eigedom med kulturminne i vernekasse B kan det ikkje gjevast løyve etter pbl. til andre tiltak som vesentleg kjem i konflikt med omsynet til kulturminnet eller kulturminnet sin verdi.*» Om bygg i vernekasse C står det i kommuneplanen at «*Det bør ikkje gjevast løyve til å rive/fjerne kulturminne i vernekasse C. Kommunen kan likevel gje løyve til å rive/fjerne kulturminne i vernekasse C på vilkår om at kulturminnet vert dokumentert.*»

Rådgjevar kultur i Radøy kommune har saman med mellom andre Arild Sætre frå Kulturverntenesta i Nordhordland vore på synfaring på eigedomen for å vurdera løysingar for korleis ein kan ta vare på den gamle lemstova, som er lita og med låg takhøgde, men samstundes kunna ha ein moderne og funksjonell bustad på eigedomen. Det vart vurdert at den beste måten å gjera dette på, var å laga eit tilbygg til lemstova på den kortsida der det ikkje er vernemur. Tilbygget kan fungera som ein fullverdig einebustad, medan den gamle lemstova kan supplera den nye tilbygget med ekstra opphaldsrom og soverom. Det vart vurdert at for å få dette til, vil det vera naudsynt å riva uthuset bak lemstova og potekjellaren.

Det er delte meningar om tilbygg til kulturminne bør vera i same stil som eksisterande bygg eller bryta i stilien for å markera at det er eit seinare tilbygg. Det som er positivt med eit moderne tilbygg

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

som bryt i stilten, er at det ikkje er tvil om kva som er det opprinnlege bygget og kva som er tilbygg. Ein skulle kanskje ynskja at tilbygget som det er søkt om var mindre dominerande i høve til eksisterande bygg og meir tilbaketrekt på tomta. Men då løysinga som er skissert vil ta vare på eksisterande lemstove både i form eller konstruksjon, vurderer me at tilbygget, ut frå eit kulturminneperspektiv, bør kunna godkjennast slik som teikningane i søknaden viser. Eventuelle endringar på eksisterande må vera tilbakeføring til tidlegare dokumentert utføring og bør avklarast med kommunen i forkant.

I tråd med kulturminneplanen bør det stillast krav om at potetkjellaren vert dokumentert i form av oppmåling og foto før riving. Bygget bør fotograferast innvendig og utvendig. Dokumentasjon må gjerast tilgjengeleg for kommunen.

Når det gjeld uthuset og løa er desse ikkje gjeve verneklasser i kulturminneplanen, og kultur har ingen merknader til tiltak på desse bygga.

Med venleg helsing

Bente K. Hervik
rådgjevar kultur